

Stadbasert læring:

# BARN og identitet



TEMA

Hausting av potet

Korleis skal barn og ungdom finna sin identitet og sin plass i ei verd og eit landskap som er vaksenstyrt og gjennomorganisert frå morgon til kveld?

TEKST OG FOTO: **JORUN BARANE**



Landbruksutdanna med praktisk pedagogikk frå UMB og mastergrad i berekraftig læring frå Steinerhøgskulen i Oslo.

**ELEVANE I NORSKE SKULAR** gjer det dårleg i PISA-testar. Norske undersøkingar viser og at 10 % av skuleelevane har så alvorlege åtferdsvanskar at det påkallar bekymring. Stadig fleire barn og

ungdomar vert behandla i det psykiske helsevernet, og tristheit og depresjon er den største diagnosegruppa i alderen 13–18 år. Vi veit at barn og unge brukar meir tid i barnehage og skule, i organiserte fritidsaktivitetar og meir tid framføre skjermar av ulikt slag. Det er fåe vaksne heime på dagtid, og ikkje lett for dei unge å skjønne kva dei vaksne driv på med i arbeidet. Globale samanhenger kjem tett på gjennom media, men dei konkrete samanhengane i kvardagslivet er verre å få tak på. Det er mindre tid til både fri og nyttig bruk av landskapet som barn og unge har omkring seg. Prøving og feiling blir borte i vaksenstyrt



I barnehagen har kvar enkelt ansvar for sitt grønnsakbed. Her er Emil André Grønsberg i sving.

instruksjon, og meininga med eige liv blir uklart for mange barn og unge. Den danske pedagogen Knud Illeris hevdar at dei unge treng å utvikla orienteringsevne – evne til å velje og å velje bort. I Aurland gjer dei dette ved å bruke staden som læringsarena.

**INST I AURLANDSFJORDEN** ligg Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH), ein vidaregåande skule med landline i økologisk landbruk ([www.sjh.no](http://www.sjh.no)). Midt på gardstunet i den gamle prestebustaden ligg Spiren gardsbarnehage. Her får barna med seg samanhengar og relasjonar frå dei er små gjennom dei vaksne sitt arbeid, som går med reiskap, dyr og avlingar over gardstunet. I ein eigen kjøkkenhage har kvart barn eit bed der dei dyrkar blomar og grønnsaker. Elles er barna med dei vaksne for å hente mjølk, lage eplesaft, hauste bær, grønnsaker og andre produkt dei treng til matlaging i barnehagen sitt kjøkken. I tillegg har barnehagen eigen hønegard, ender og kanin.

**NÅR BARN BYRJAR** på Aurland barne- og ungdomsskule rett over vegen frå jordbruksskulen, kjem dei tilbake til garden med temaarbeid, som byrjar i 1. klasse og varer ut 10.klasse. Då byrjar dei med det nære og mest grunnleggjande: Kornet. I åkeren ved sida av skulen kan dei så, hauste med små sigdar, male mjøl på handkvern og bake brød. Året etter arbeider dei med poteta, frå setjing til hausting og laging av produkt med røter i lokale tradisjonar. Husdyra tek elevane med lenger ut i landskapet: Sauen i 3.klasse, hesten i 4.klasse og geita i 5. Klasse. Det betyr turar til beite, arbeid med kulturlandskapet, overnatting på støl og ysting. I 6. klasse er det vekt på heimkunnskap og konservering; alle klassar har eige areal til dyrking i skulehagen. På mellomsteget hogg elevane ved, lærer bruk av øks og sag, foredlar mjølk, saftar, syltar og lagar fest. Bærplukking, setjing av garn i fjellvatn og kløvjing med hest tek dei litt eldre elevane med lenger ut i landskapet der ressursane blir hausta inn på ein berekraftig måte.

**PÅ DENNE MÅTEN** veks elevane gradvis inn i landskapet gjennom ei forståing for næring i dalen, fjellet og i fjorden. Dei deltek i produksjonar som danner grunnlag for bruk av ressursane. Dei trør inn i ei rekkje fylje av handterlege oppgåver og etablerer relasjonar til mange folk i



Full innsats med lessing på traktorhengaren



Å sela på hesten er ei av oppgåvene elevane får prøva seg på

bygda. Skulen er òg oppteken av å utvikla entreprenørskap og solidaritet i læringsmiljøet. Elevar på fleire trinn lagar egne bedrifter og sel produkta sine til inntekt for ulike solidaritetsprosjekt. Frå bygda når dei ut i verda med ei forståing basert på oppgåvene dei har møtt og utført. I Aurland kallar vi dette for ”stadbasert, berekraftig læring”. Dette er eit berekraftig læringsløp som elevane kan ta med seg kor som helst i verda.

**FRAMOVER** ynskjer Ressurssenteret ved SJH å dokumentere aurlandsmodellen slik at den kan verta tilgjengeleg for andre skular i regionen, utvikle og vidareføre

nye kurs i ”Stadbasert læring og entreprenørskap”.

**I VÅRHALVÅRET** har vi hatt jordbrukspraksis med ein 9. klasse frå Bergen, ei av oppgåvene deira er skjøtsel i kulturlandskapet. På garden har det ein gong vore eit sterkt vikinghov, det syner ikkje minst dei 25 gravhaugane som ligg spreidde rundt om på garden. Dei fleste av haugane er utgravne, og mykje av det som blei funne, kan ein i dag sjå på historisk museum i Bergen.

**MÅLET FOR DAGANE** er å vidareformidla kunnskap om kulturlandskapet og kulturminna våre



Eplepressing - også ein del av den stadbaserte læringa



Rydding av kulturlandskapet

gjennom praktisk og aktiv skjøtsel. Hassel, klunger og orekratt gjer at haugane knapt er synleg lenger, fleire av gravhaugane held på å gro att. Men gravhaugane våre er freda. Dei er ein del av vår felles kulturarv, og vi har plikt til å halda dei opne for allmenn ferdsel og allment innsyn.

**VI HENTAR REISKAP**, får naudsynt informasjon om historia og kvifor, kva som skal stå igjen, kor lange stubbane skal vera, kor kvistene skal leggjast i haug for å brennast. Ungdomane vert utstyrt med snidlar, sag, øks og sterk avbitartang. Dei har nesten ikkje tid til å høyra etter; dei er klare til aksjon. Og endeleg, med snidelen i handa, får dei lov å byrja hogga. "Får vi lov å lage pil og bue" høyrer eg 15-åringen ropa på klingane bergensk; leiken frå guttedagane kjem fram att. Tre kameratar byrjar nede på ei linje, flyttar seg sakte oppover ettersom dei hogg. Lyden av øksehogg og god

arbeidsstemning fyller dagen. Passe lange og fem cm tjukk hassel, ask og orekratt går i bakken. Dei legg ned for fote, samarbeider, diskuterer, ser på resultatet, dreg kvistane i haug – dette meistrar dei.

**ARBEIDET GÅR** av seg sjølv, ungdommane veit kva som skal gjerast, dei får vera aktive og sosiale utan å bli avbrotne heile tida. Dei får finna sin eigen rytme å halda på i; det er som om topplokket får kvile, og arbeidet går av seg sjølv. Dei vaksne treng ikkje seia så mykje, det er sjeldan ein opplever slike stunder med denne aldersgruppa, arbeidsoppgåva passsar med alderssteget. Etter at 19 elevar fordelt på 3 grupper har hatt ei økt og hogge, blir gravhaugen synleg. I pausen diskuterer vi korleis og kven som er gravlagd her. Blei dei lagde i eit skip, hadde dei med seg reiskap og våpen til den andre heimen dei kom til, osv.

**OM KVELDEN** i klasserommet er det refleksjon og skrivning i loggbøkene. Mellom spørsmåla er: Kva har vi gjort, kvifor og korleis? Kva var namnet på reiskapen vi brukte? Kvifor driv vi skjøtsel?

**ANDRE OPPGÅVER** dei har gjort denne veke, er kompostering, hesjing, ysting av kvitost, tynning av eple og plommer, utplantning av urter og kløvjing med hest opp Aurlandsdalen. Til hausten kjem dei att ei veke og skal hauste inn gulrot og løk, graskar og poteter. Dei få òg vera med på å hausta eple, pressa saft og tappa på kartongar. Med seg heim til Bergen har dei flotte kvalitetsprodukt, som dei legg fram på foreldremøte – med smaksprøver og presentasjon av sjølvvalde tema innan økologisk landbruk.

**SOGN JORD OG HAGEBRUKSKULE** samarbeidar med kulturlandskapsatsinga i Nærøyfjorden Verdsarvpark når det gjeld skjøtselstiltak, utbetring og merking av stiar og ferdselsveggar ([www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no)).

## FAKTA

- Universitetet for miljø og biovitenskap har i ei årrekke arrangert kursa "Garden som pedagogisk ressurs" (10 studiepoeng)
- Prosjektansvarleg er Erling Krogh ved seksjon for læring og utdanning på UMB
- Målgruppa er gardbrukarar og lærarar som ynskjer å utvikle pedagogisk samarbeid mellom gard og skule
- Over 200 prosjekt er etablert over heile landet. Saman med Sogn Jord- og Hagebruksskule er UMB i gang med å vidareutvikle prosjektet med kurset "Stadbasert læring og entreprenørskap".

MEIR INFORMASJON:  
[www.umb.no/skole](http://www.umb.no/skole).